

FJON BÅTLAG

VEDTEKTER

1. Føremål

- Fjon Båtlag har som føremål:
- 1.1.1. å samle dei båtinteresserte og fremja felles interesser.
 - 1.1.2. å arbeide for tenelege vinter- og sommarplassar for båtane.
 - 1.1.3. å setje i gang andre positive tiltak for bygdene og båtsporten.

2. Årsmøte

- 2.1.1. Årsmøtet er det øvste organ i laget.

Styret kallar saman til årsmøte med 14 dagars skriftleg varsel. Årsmøtet bør haldast innan utgangen av mars. Årsmøtet er vedtaksført når minst 10% av medlemene er tilstades, av desse må minst 3 vere frå styret. Dersom ikkje mange nok møter, fastset dei frammøtte tid for ekstraordinært årsmøte som vert vedtaksført uavhengig av kor mange som møter fram.

Årsmøtet vert leia av styreleiar.

- 2.1.2. Årsmøtet skal handsama;

- 2.2.1. Årsmelding frå styret.

- 2.2.2. Rekneskap i revidert stand.

- 2.2.3. Budsjett for neste år.

- 2.2.4. Framlegg til endring av vedtekter.

- 2.2.5. Velja styreleiar for eit år om gongen.

Velja 2 styremedlemmer for to år.

Ved første gongs val 4 styremedlemmer, 2 for to år og 2 for eit år.

I styret skal det til ein kvar tid vere 3 medlemmer blant dei som eig plass i Sandnes Småbåthavn.

Velja 2 varamedlemmer for eit år om gongen.

Velja 2 revisorar for to år om gongen.

Velja valkomité på 3 personar for eit år. Leiaren i valkomiteen vert vald av årsmøtet.

- 2.2.6. Gjere vedtak i event. andre saker som er kome inn til styret minst 1 månad før årsmøtet.

3. Medlemsmøte

Styret kan om det finn det nødvendig, eller når minst 20% av medlemmane krev det, kalla inn til medlemsmøte. Skriftleg innkalling med saksliste skal sendast medlemmane med 14 dagars varsel. Berre dei sakene som er nemnt i sakslista kan gjerast vedtak i på medlemsmøtet.

4. Styret

- 4.1. Styret består av leiar, nestleiar, kasserar, sekretær og ein styremedlem. Styret konstituerer seg sjølv med unnatak av leiar som vert vald direkte av årsmøtet. Jmf. 2.2.5.
- 4.2. Styret står for den daglege leiinga av laget.
- 4.3. Styremøte skal haldast så ofte som leiar eller 3 styremedlemer finn det nødvendig. Styret er vedtaksfør når minst 3 styremedlemmer er til stades.
- 4.4. Styret kallar inn til medlemsmøte og årsmøte.

5. Medlemskap

- 5.1. Til ein kvar tid må minst $\frac{3}{4}$ av lagsmedlemene bu eller ha fast eigedom i Sandnes skulekrins. Styret avgjer søknad om medlemskap.

6. Båtplassar

- 6.1. Berre medlemmer i Fjon Båtlag kan kjøpe fast båtplass i Sandnes Småbåthavn. Søknad om båtplass skal vere skriftleg. Ved tildeling skal medlemsansienniteten vere avgjerande. Det kan berre kjøpast 1 plass pr. medlem- / familiemedlemskap. Styret tildeler plass.
- 6.2. Innskotet og leige vert fastsett av styret. Liten båt vert fastsett til båt under 20 fot og stor båt f.o.m. 20 fot.
- 6.3. Sal av båtplassar skal godkjennast av styret. Familieoverdraging i rett opp og nedadgåande line går fram føre medlemsansiennitet.
- 6.4. Eigaren kan leige ut plassen sin til andre etter godkjenning av styret. Leagetakar skal vere medlem i båtlaget. Dersom det er fleire interesserte leagetakarar, skal medlemsansienniteten vere avgjerande med mindre leagetakar er eit familiemedlem.
- 6.5. For å ivareta tryggleiken for bryggjene og båtane, kan styret i vinterhalvåret, eller når andre forhold tilseier det, vedta omplassering av båtane. Skade påført bryggjene ved aktlaus framferd skal dekkast av skadevaldar.
- 6.6. Dersom eigar etter to purringar ikkje har betalt årsleiga, kan styret seie opp båtplassen. Styret kan då selje båtplassen til andre medlemer til salssum fastsett av styret. Salssum etter frådrag av Fjon Båtlag sitt krav vert utbetalt tidlegare eigar.
- 6.7. Det må søkjast om særskilt løyve frå styret for båtar frå : 40 fot, 12,5 meter, 10 tonn og bredde frå 4 meter og oppover.

7. Eksklusjon

- 7.1. Lagsmedlemer som syner därleg framferd, verkar til skade for laget eller ikkje oppfyller laget sine vedtekter og retningslinjer, kan verte ekskludert av styret. Vedkomande sakar gjeld, skal varslast på førehand slik at han kan ivareta sine interesser. Vedkomande kan anka avgjerdar inn for årsmøtet.

8. Vedtektsendring

- 8.1. Berre årsmøtet kan endra vedtekten og det krevjast 2/3 fleirtal. Framlegg til vedtektsendring må sendast skriftleg til styret 1 månad før årsmøtet.

9. Opplysing

- 9.1. Vedtak om å oppløyse Fjon Båtlag vert gjort etter dei same reglane som gjeld for vedtektsendring. Dersom der er vedteke å oppløyse laget, får styret i oppgåve å arbeide ut framlegg til avvikling. Framleggget skal sendast skriftleg til alle lagsmedlemmane saman med innkalling til ekstraordinært årsmøte som handsamar framleggget. For at vedtak om avvikling skal vere gyldig, krevjast det at minst halvparten av medlemmane er til stades eller har røysta skriftleg før årsmøtet tek til.

10. I kraft

- 10.1. Desse vedtekten gjeld frå 300308.